## Framifrå kafever!

20.07.2010



**Det skal regna rundt 50 millimeter over Hordaland i dag, men dei driftige dugnadsdamene som står for drifta ved Cafe TI-aren finn ingen grunn til å klaga over det.**

**For dette er framifrå kafever!**

Allereie 1 time før stengjetid (kafeen har ope frå 11 til 15) hadde 37 vaksne og 20 barn vore på besøk i dag og damene var sjølvsagt svært fornøgde med omsetnaden.

Mellom gjestene var to ferierande familier frå Stavangerkanten - familiane Schei og Skårnes - og her nyt dei kva kafeen har å lokka med i tillegg til triveleg samvær.

(Foto: Ola Matti Mathisen)